

Rundskriv om bruksrettssetrer i Skjåk Almanning

Innleiing og bakgrunn

I juni 2011 hadde almenningsstyret ein gjennomgang på alle bruksrettssetrene i Skjåk Almanning. Føremålet var:

1. Opprette eit register over bruksrettssetrene, der setrene skulle få eit festenummer under almenninga (246/1).
2. Sjå på tilstanden på bygningar og gjerde i høve dyrevelferd og tryggleik.
3. Sjå på gjerdehaldet.
4. Sjå på den eksisterande bruken av setrene.

Sidan den gong har det vore gjort mykje bra arbeid med gjerde rundt bruksrettssetrane. Festenummer er oppretta på alle bruksrettssetrene og grunnlaget for dette er grensene i jordskiftesak 13/1978.

Innføring av festenummer på bruksrettsseter medfører ikkje automatisk krav om festeavgift.

For å få meir informasjon om seterbruken i dag og framover utarbeidde almenningsstyret på nyåret i 2016 eit spørjeskjema for å koma i dialog med setereigarane. Svarprosenten var over 50 %, noko styret såg seg nøgde med. Resultatet viste at dei fleste setrene er burtleigd til slått/beite og at setra i stor grad vert brukt som hytte/fritidsbustad. Nesten 4/5 av dei som svara på undersøkinga trudde at dei kom til å bruke setra som i dag også om 5-10 år.

Mange av setrene er i god stand og blir brukt enten til beite eller hausting av gras. Ein del setrer har likevel varierende vedlikehalde på gjerde og bygningar og enkelte er såpass dårlege og mangelfulle at seterkvea i praktisk fungerer som utmarksbeite/ligg i det fri. Når seterkvea fungerer som utmarksbeite er spørsmålet om setra har falle i det fri eller ikkje.

Oppdatering på status og bruk av setrer er eit kontinuerleg arbeid for styret i Skjåk Almanning. I almenninga er det registrert over 100 bruksrettssetrer og 7 eigedomssetrer. Med tida har bruken av setrene endra seg, og slik det er i dag er det svært få som har behov for seter i høve gardsdrifta og for å dekkje eit jordbruksmessig behov. ***Almenningsstyret understreker at det er eit stort ynskje og mål om levande setergreider med beitedyr, kulturlandskap og inngjerda seterkve.***

1. Gjerde

a. Krav til gjerde

Styret ser på spørsmålet om krav til gjerde rundt seter som sentralt, sjølv om dette ikkje er særskilt nemnt i allmenningslovene, eller i gjeldande bruksreglar. Styret meiner det er naturleg at gjerdehald rundt seter blir teke inn ved revisjon av bruksreglane.

Seterkvea er det primære på ei seter, ikkje husa, og såleis meiner styret at den eksklusive bruken av setra er avhengig av eit tilfredstillande gjerde. Det er likevel ikkje noko i vegen for at bygningane ligg utanfor gjerdet. Når det fyrst er gjerde rundt seter, pliktar setringane å sjå til at dei ikkje representerer fare for folk og dyr.

Det er registrert mykje dårlege, og til dels farlege gjerde. Dette vil styret følgje opp framover, og ved manglande vedlikehald kan almenningsstyret forlange at gjerdet blir fjerna.

Piggtråd skal ikkje brukast. Strømgjerde kan brukast som ei midlertidig løysing til ein får sett opp skikkeleg utmarksgjerde. Strømtråden skal takast ned om vinteren.

2. Seter

a. Definisjon av seter

Seterretten fylgjer bruksretten til gardsbruket. Seter kan definerast som eit nærare avgrensa areal for husdyrbruk i utmark, og seterretten omfattar gjerne samansette rettar; beiterett, rett til å setja opp seterhus, trebehovsrett osv. Seterbruk er sprunge ut av eit jordbruksmessig behov for dei gardsbruka setrene er knytte til. Sidan setrene er eksklusive for ein gard, har dei historisk sett vore inngjerda for å halde unna andre sine beitedyr, og for å tydeleggjera denne avgrensinga.

Tradisjonelt har mjølkeproduksjon vore grunnlaget for å få utvist seter. Allmenningslova legg føringar for at eit gardsbruk kan få utvist seter når det blir godtgjort at seter er nødvendig for drift av eigedomen.

Almenningsstyret meiner at det i dag ikkje skal vera krav til mjølkeproduksjon for å behalde retten til ei konkret seter. Ein vil likevel stille krav om at seterkvea skal kunne nyttast til å dekkje noko av det jordbruksmessige behovet på garden. Reint praktisk betyr dette at **seterkvea skal brukast til hausting av gras eller til beiting**. Utvisning av ny seter vil likevel stille høgare krav enn det blir gjort ved etablert seterverksemd.

Seterlandskap omfattar både seterkve og utmark i tillegg til det særprega bygningsmiljøet. Det beste vernet av seterlandskapet oppnår ein gjennom aktiv bruk av setrene, anten i form av tradisjonell drift, eller i *kombinasjon* med anna verksemd som for eksempel småskala reiseliv eller turisme.

b) Fleire seterhus, utviding av eksisterande seterbebyggelse, vatn og avløp

Ei seter har i utgangspunktet bygningar som er naudsynte for drifta; det vil si seterstugu, fjøs, løe(r), og eventuelt ysthus og uthus. Bygningane har vore tilpassa driftsforma og omfanget.

Dersom det ikkje kan dokumenterast eit jordbruksmessig behov, vert det ikkje gjeve løyve til å føre opp nye seterhus i tillegg til eksisterande seterhus. Derimot kan styret etter søknad gje løyve til omdisponering av fjøs eller løer som ikkje lenger er naudsynte for seterdrifta. Det er da eit krav at desse vert restaurerte og får eit eksteriør som er mest mogleg likt det opphavelige, og at dei går godt i hop med seterpreget i materiell og fargeval. Det er eit vilkår at kommunen godkjenner omdisponering og plan for restaurering, og at Skjåk Almanning gjev sitt samtykke gjennom styrevedtak.

I dei tilfelle det er, eller vert to eller fleire seterhus i bruk, skal det betalast ei avgift for dei husa som ikkje er naudsynte for å bruke setervollen til å dekkje noko av det jordbruksmessige behovet, anten til hausting eller beiting.

Utviding/ombygging av seterhus skal godkjennast av almenningsstyret etter skriftleg søknad. Tilhøvet med vatn og avløp skal skje etter dei til kvar tid gjeldande føringar frå Skjåk kommune. Dersom vatn og avløp er aktuelt skal slike anlegg leggast inne på bruksrettskve og med slik plassering at det ikkje kjem i konflikt for omkringliggjande seterhus og evt. hausting eller beiting.

Styret ser positivt på at seterhus kan leigast ut i småskala gardsturisme.

c. Frådeling av seterhus

Styret gjev ikkje løyve til frådeling av seterhus til fritidsføremål (jf. pkt. 5.2. i bruksreglane for Skjåk Almanning).

d. Sal/overføring av seter

Ei seter på almenningsgrunn kan ikkje seljast eller på annan måte skiljast frå bruket det tilhøyrrer (jf. pkt. 5.2 i bruksreglane for Skjåk Almenning). Almenningsstyret kan likevel, etter søknad, overføre retten til seter med seterhus til eigar av annan eigedom med tilliggjande bruksrett (jf. §§ 6-9 og 6-4 i Allm.lov). Vilkaoret er at kjøparen oppfyller krava til å få utvist seter.

Ved oppdeling av ein gard, og der jordvegen blir seld til ein anna bruksberettiga eigedom, fylgjer eventuell bruksrettsseter primært med jordvegen over til den nye eigaren. Dersom denne har seter frå før, eller ikkje ynskjer å ta over den aktuelle setra, kan setra overførast til ein annan med bruksberettiga jordbrukseigedom i bygda, sjå neste avsnitt.

Dersom nokon gjev opp seterretten utan atterhald (jf. § 6-7 bokstav a i Allm.lov), må Skjåk Almenning varslast skriftleg om dette. Styret vil da syte for at den konkrete setra vert lyst ledig. Den som gjev frå seg retten til vedkomande seter, og den som tek over setra, må koma fram til semje om vederlag for verdien av bygningsmassen, gjerde og oppdyrkinga av kvea. Styret legg likevel til grunn at partane skal nytte landbrukstakst.

e) Burtfall av seter

- I. Retten til konkret seter fell burt dersom nokon gjev opp setra utan atterhald (jf. § 6-7 bokstav a i Allm.lov).
- II. Retten til ei konkret seter fell også burt dersom setra i eit samanhengjande tidsrom på 20 år ikkje har vore i bruk til å dekkje det jordbruksmessige behovet til eigedom setra ligg til (jf. § 6-7 bokstav b i Allm.lov). Almenningsstyret meiner setra blir rekna for å vera i bruk når seterkvea er forsvarleg inngjerda og kvea nytta til hausting eller beiting som ein del av den jordbruksmessige drifta på eigedom. Også burtleige til hausting eller beiting blir godkjent.
- III. Seterretten fylgjer bruksretten og er knytt til den enkelte bruksberettiga eidedom, ikkje til den enkelte eigar. Fell bruksretten bort, fell også seterretten burt (jf. §6-7 bokstav c i Allm.lov).

f) Seter som har falle i det fri

Dersom ei seter fell i det fri etter § 6-7 a eller b har eigar av seterhus rett til å ha dette ståande som før så lengje det blir vedlikehalde på forsvarleg måte og tilhøyrrer eigedom med bruksrett. Retten omfattar ei passende tomt, når dette ikkje er til hinder for andre bruksberettiga å utnytte arealet. Det er ein føresetnad at det blir oppretta festekontrakt med almenninga. Kva som er ei passende tomt blir opp til almenningsstyret å avgjera for kvart enkelt tilfelle. Vilkaora i festekontrakten skal avtalast mellom eigar og almenningsstyret. Slike vilkaora kan omfatte utviding, sal og burtleige og tilhøvet med bygningar dersom bruksretten for garden fell burt etter § 6-7 bokstav c. Dersom bortfall av seter etter § 6-7 a eller b kan almenningsstyret overføre retten til seterkve til andre med bruksberettiga eigedom, sjå avsnitt 2d). Dersom bortfall av seter etter § 6-7 a eller b, og eigar vil ha ståande seterhus som før skal det etablerast festekontrakt og det skal svarast ei avgift på kr. 5500/år. Festekontrakten skal knytast opp mot tilhøyrande gard med bruksrett og det skal primært visast til §§ 6-7, 6-8 og 6-9 i almenningslova som grunnlag for festekontrakta, og ikkje tomtfestelova – anna enn til referanse til generelle føresegner for festetilhøvet.

Dersom tradisjonell seterdrift er uaktuell på seterkve kan f.eks. omsynet til bevaring av eit variert kulturlandskap tilseie at festet kan omfatte heile eller deler av seterkvea. Almenningsstyret må i slike høve kunne stille som vilkaora at festaren hindrar at kvea gror att, eller setja andre føresetnader som tek i vare dei landskapsinteresser som er gjeldande for seterområdet. Almenningsstyret bestemmer i kvart enkelt tilfelle om kvea skal inngjerdast eller ikkje.

Dersom ei seter har falle i det fri etter § 6-7 bokstav c kan almenningsstyret krevja at den konkrete setra skal overførast til andre med bruksrett i Skjåk Almenning, eller at eigaren fjernar seterhusa og ryddar opp for eiga rekning. Dette gjeld også der det frå før er oppretta festekontrakt med grunnlag i § 6-7 a eller b.

3. Tilskotsordning og bruksrettsrabatt

- SMIL-ordninga
Vanleg tilskotsprosent er avgrensa til inntil 35 prosent av faktiske kostnader, basert på godkjent kostnadsoverslag. Ein får nærare opplysningar ved å vende seg til landbrukskontoret.
- Det er kvantumsrabatt og bruksrettsrabatt på både impregnert gjerdestolp, gjerdevirke av tre, og slinder. Nærare opplysningar om rabatt får ein ved å vende seg til Skjåk Almenning eller Skjåk Trelast. For at Skjåk Almenning skal kunne førebu produksjonen, og leggje av vyrke til gjerde, må dei som er interesserte melde inn behov så fort som mogleg.

4. Aktuelt lovverk, bruksreglar, domar og seterforskrift

- Dei nye allmenningslovene frå 1992 (Rundskriv M-96/92)
- Grannegjerdelova
- Dyrevelferdslova
- Bruksreglar for Skjåk Almenning

5. Oppsummering

- Almenningsstyret understreker at det er eit stort ynskje om levande setergrender med beitedyr, kulturlandskap og inngjerda seterkveer.
- Setra skal tilhøyre gard med bruksrett i Skjåk Almenning.
- Den eksklusive bruken av setra er avhengig av eit tilfredstillande gjerde.
- For å behalde setra skal den brukast til hausting av gras og/eller til beiting som ein del av den jordbruksmessige drifta på eigedommen.
- Det skal søkjast almenningsstyret om nybygg, påbygg, vatn/avløp og liknande på seterkve og seterhus.
- Seterhus kan ikkje delast frå som fritidsbustad.
- Fell ei seter i det fri har eigar av seterhus rett til å ha dette ståande som før så lengje det blir vedlikehalde på forsvarleg måte og tilhøyrrer eigedom med bruksrett. Det skal da opprettast festekontrakt med grunnlag i bygdealmenningslova.
- Fell bruksretten på garden burt fell også setra burt. Dette gjeld også der det er oppretta festekontrakt på seterhus.